



# ÅRSMELDING SESONGEN 2016/2017

Til Årsmøtet tysdag 7. mars 2017





## ÅRSMELDING SESONGEN 2016/2017

Til Årsmøtet tysdag 7. mars 2017

### Aktiviteter

Sesongen 2016/17 er vi 100 medlemmer fordelt på 10 grupper. I gruppa for trenarar og støtteapparat har vi ca. 20 personar. Nokre lag har fellestreningar.

KFUM Volda har 6 spelarar på ToppVolley i Rogaland.

I sesongen 2016/17 har vi arrangert ei minivolleyball turnering, U17- og U15-turnering i Voldahallen, i tillegg til dame- og herre-kampar. Vi har også arrangert minivolleyballskule for 1-4 klasse.

Også i denne sesongen har klubben hatt eit sterkt fokus på utdanning av trenarar. Vi har halde eige kurs for Trener 1, og har trenarar som har teke Trener 2-kurs, og trenarar som har teke overgangskurs for å bli Trener 2 og Trener 3.

Klubben har no ei god base med godt kvalifiserte trenarar, og trenarar som kan rykke vidare opp samtidig som spelarane vert eldre.

Oversikt over laga i KFUM Volda:

Lag	Tal på spelarar	Trenarar	Oppmann
Rekrutt J	15	Irene Krumsvik og Rune Aarflot	-
JU15	9	Kristin Indresøvde	-
GU15	10	Bodil Helle og Henning Helle	Sissel Andersen
JU17	15	Vlado Todorov	Kristian Kolnes, Håkon Bø
JU19/Damelag	9	Vlado Todorov	Kristian Kolnes, Håkon Bø
GU17	10	Erlend Bae og Rune Bernås	Elin Heggen
GU19/Herrelag	11	Jarle Bae, Leif Reidar Røv, Robert Sjøholt	Oddvar Alfsvåg
Mix	Ca. 6 - 10	-	-

### Styret

Styret for 2016 har bestått av Rune Hauge Aarflot (leiar), Jan Olav Ose (kasserer), Kristin Indresøvde (medlemsansvarleg/sekretær), Irene Krumsvik (sponsor-/draktansvarleg), Terje Flåm (materialforvaltar), Svein Flåskjer (styremedlem), Nancy Ann Eide Brattli (kioskansvarleg), Jan Olav Brænde (styremedlem) og Svein Olav Humberstet (vara).

Etter eige ynskje gjekk Terje Flåm og Svein Olav Humberstet ut av styret i desember 2016. Svein Flåskjer og Jan Olav Brænde tok då over som materialforvaltarar.

I 2016 hatt jamlege styremøte. Det jobbast fortsatt med å sikre økonomien og vi har fått fleire sponsorar i 2016.

I 2015 tildelte Gjensidige midlar for oppgradering av Sandvolleyballanlegget på Årneset. Dette arbeidet vart fullført i mai 2016 gjennom dugnad og innleigd hjelp frå K. A. Aurstad.

KFUM Volda var representert i den kommunale gruppa som arbeidde med å planlegge «Ny Voldahall». Arbeidet i denne gruppa vart ståande i stampe, då det var lite interesse frå kommunen å jobbe med saken. I oktober 2016 stifta vi saman med Volda Handball selskapet



## ÅRSMELDING SESONGEN 2016/2017

Til Årsmøtet tysdag 7. mars 2017

Volda Campus Arena AS, som har som formål å få bygd ein ny hall på tomta Jopllassen som ligg ved Høgskulen i Volda. VCA har kjøpt denne tomta.

### Resultat

Klubben har også i år fire lag med i NM våren 2017. JU17/GU17 i Oslo, og GU19/JU19 i Molde. Styret er svært nøgd med at så mange kvalifiserte seg til NM. GU15 hadde også anledning til å stille i NM i Tromsø, men vi klarte ikkje å stille lag den helga.

I 2016-sesongen hadde vi åtte gutar og seks jenter med på Regionslaget til Møre og Romsdal. I januar 2017 vart desse åtte gutane Norgesmeistrar med Regionslaget og jentene hamna på ein flott 4 plass. Tre av gutane kom også på All Star-laget.

Også denne sesongen har vi hatt med spelarar på aldersbestemte landslag, både på JU17, GU17 og GU19. Heile åtte flotte ungdomar frå Volda var med i bruttotroppa til U17.

Herrelaget vann 2. div. avd. S&F med berre eitt tap. I skrivande stund leiar damelaget 2. div. avd. M&R med 16 av 16 moglege sigrar, to kampar står att i serien.

### Økonomi

Klubben har ein ordna økonomi. Det har vorte fokusert på å krevje inn kontingent til rett tid og å vidareføre sponsorane, då dei fleste kontraktene no gjekk ut. Våre sponsorar er: SpareBank 1 Søre Sunnmøre, G-sport, K. A. Aurstad, Brændes rørleggerforretning, Apotek1, More Woman, Mesterhus, Stamina, Møre og Furene.

Styret jobbar hardt med å få inn, og få auka sponsormidlane frå eksisterande sponsorar.

Vi har også vore heldige med å få vore med på å vaske ein båt hjå Kleven, noko som gav god utteljing økonomisk. Fiskesalet og NM-genseren er også med på å gi gode inntekter til gruppene.

Alle lag som har søkt om reisestøtte har denne sesongen fått innvilga dette. I tillegg har alle lag fått ferjekort.

Det er kjøpt inn over 100 nye ballar, og meir nytt utstyr. Det er også brukt ein god del midlar på å betale trenarkurs for dei som har teke trenarutdanning.

Vi har lite dugnad, og låg kontingent/treningsavgift i forhold til andre lag.

For styret

Rune Hauge Aarflot  
leiar KFUM Volda Volleyball